



Arkivnr: 2018/17459-33

Saksbehandlar: Eirik Knive

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for kultur, idrett og regional utvikling		24.04.2019

### Tilskot til tiltak i statleg sikra friluftsområde

#### Samandrag

Tilskotsordninga skal medverke til å fremje friluftsaktiviteten i statleg sikra friluftsområde og område verna som friluftsområde etter markalova. Gjennom naturvennleg tilrettelegging og skjøtsel skal områda gjerast lett tilgjengelege og attraktive for allmenta sitt friluftsliv. Kommunar og interkommunale friluftsråd kan søkje om tilskot. Alle omsøkte tiltak skal vere forankra i godkjende forvaltingsplanar.

I 2019 kom det inn 31 søknadar i Hordaland, 24 frå Bergen og Omland Friluftsråd og 7 frå Friluftsrådet Vest. Det er 9 prioriterte søknadar frå Bergen og Omland Friluftsråd for store og kostnadskrevjande prosjekt, og 7 prioriterte søknadar frå Friluftsrådet Vest. Total søknadssum i Hordaland var på 11 mill. kr, og Hordaland fylkeskommune fekk 5.4 mill. kr til vidare fordeling frå Miljødirektoratet. Av desse er 200.000 kr øyremerka tiltak for universell utforming. Frå friluftsråda er det søkt om tiltak til universell utforming av friluftsområder for 2 020 000 kr. Desse tiltaka vert høgt prioritert, der det samsvara med friluftsrådet si prioriteringssiste. Utval for kultur, idrett og regional utvikling vedtok 13.04 2016 at dei ønskjer at tiltak knytt til universell utforming skal prioriterast. Dette er det teke omsyn til i handsaminga av søknadane.

I Hordaland ligg 76% av alle statlege friluftsområder utanfor by og tettstadar. Friluftsområder i og ved byar og tettstadar skal prioriterast, men ein del av tiltaka i Hordaland går naturleg nok til områder utanfor sentrumsnære områder og tettstadar. Rammetildelinga frå Miljødirektoratet til fylkeskommunane er gjort på grunnlag av tal statlege sikra friluftsområder, registrerte forvaltingsplanar, samla kostnad knytt til behov for tiltak og samla søknadsvolum 2019.

Bergen og Omland friluftsråd driv tilrettelegging, skjøtsel og drift av friluftsområder i 17 medlemskommunar med eit samla innbyggjartal på 428.355 (per 1.1.2017). Friluftsrådet Vest har ansvar for tilrettelegging, skjøtsel og drift av friluftsområde i seks kommunar i Hordaland med eit samla innbyggjartal på 56.663 (per 1.1.2017). Dei to friluftsråda i Hordaland har høg kompetanse innan forvalting av statleg sikra friluftsområde. Fylkeskommunen si rolle er å prioritere mellom særskilt gode søknadar og kontrollere at dei omsøkte tiltaka er i tråd med retningslinjene til Klima- og miljøverndepartementet og del av ein godkjend forvaltingsplan. Bergen og Omland friluftsråd, Friluftsrådet Vest har prioritert sine søknadar ut ifrå forvaltingsplanar og det er det teke omsyn til.

**Økonomi:** Hordaland fylkeskommune er for 2019 tildelt 5.4 mill. kr til denne ordninga frå Miljødirektoratet til vidare fordeling til innkomne søknadar.

**Klima:** Tiltaka er i hovudsak knytt til innbyggjarane sine nærmiljø og friluftsområder tilgjengeleg med offentleg transport, og har ein effekt på klima ved å gje born og unge gode opplevingar i naturen.

**Folkehelse:** Tiltaka er med å gjennomføre det overordna målet for folkehelsearbeidet i Hordaland som er å bidra til eit langsiktig og systematisk arbeid som gjev fleire gode leveår, og som utjamnar sosiale helseforskjellar.

**Regional planstrategi:** Tilskotsordninga bidreg til å realisere mål 2.2 *eit inkluderande samfunn* ved strategi, 2: Å styrke *inkludering gjennom friville organisasjonar i nærmiljøet*. Aktivitetar i nærmiljøet bidreg til å styrke sosiale relasjonar gjennom verdifulle og helsefremjande opplevingar.

<b>Generelt</b>	
Budsjett 2019: Nasjonal budsjetttramme	34 000 000
Søknadsfrist 2019:	1.februar
Vedtak kriteria:	<a href="#">Rundskriv Nr: T-1/18</a>
Kriteria og informasjon om ordninga:	<a href="https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/tilskotsordningar-for-2019/id2617955/#friluftsliv">https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/tilskotsordningar-for-2019/id2617955/#friluftsliv</a>
Tal på søknadar	31
Tal på søknadar som er tilrådd støtta	11
Samla søknadssum	11 077 874
Tilrådd til fordeling	5 400 000

## Forslag til vedtak

Utval for Kultur, idrett og regional utvikling løyver 5 400 000 kr over budsjettpost 400.450.14, slik:

Nr	Søker	Kommune	Friluftsområde	Tilråding
1	Bergen og Omland Friluftsråd	Hordaland	Skjøtsel i statlige friluftslivsområder	1 430 000
2	Bergen og Omland Friluftsråd	Bergen	Helleneset	1 970 000
3	Bergen og Omland Friluftsråd	Fjell	Kårtveitpollen	330 000
4	Bergen og Omland Friluftsråd	Osterøy	Kleiveland	0
5	Bergen og Omland Friluftsråd	Samnanger	Bjørkheim	0
6	Bergen og Omland Friluftsråd	Øygarden	Skogsøy	0
7	Bergen og Omland Friluftsråd	Fjell	Geitvika	0
8	Bergen og Omland Friluftsråd	Meland	Håøy	315 000
9	Bergen og Omland Friluftsråd	Øygarden	Ovågen	205 000
10	Bergen og Omland Friluftsråd	Bergen	Steingardsvikane	0
11	Bergen og Omland Friluftsråd	Bergen	Våganeset	0
12	Bergen og Omland Friluftsråd	Askøy	Lyngvik	0
13	Bergen og Omland Friluftsråd	Bergen	Garnes	0
14	Bergen og Omland Friluftsråd	Bergen	Øvre Hellen	0
15	Bergen og Omland Friluftsråd	Bergen	Gullbotn	50 000
16	Bergen og Omland Friluftsråd	Bergen	Toppesanden	0
17	Bergen og Omland Friluftsråd	Bergen	Tømmervågen	0
18	Bergen og Omland Friluftsråd	Fusa	Skjelavikjo	0
19	Bergen og Omland Friluftsråd	Kvam	Holmsund	0
20	Bergen og Omland Friluftsråd	Os	Ramsholmen	0
21	Bergen og Omland Friluftsråd	Os	Skorpo	0

22	Bergen og Omland Friluftsråd	Os	Søvikvågen	0
23	Bergen og Omland Friluftsråd	Radøy	Skageneset	0
24	Bergen og Omland Friluftsråd	Sund	Sundskogen	0
25	Friluftsrådet Vest	Kvinnherad	Lykelsøya	100 000
26	Friluftsrådet Vest	Bømlo	Siggjo	400 000
27	Friluftsrådet Vest	Kvinnherad	Melderskin	400 000
28	Friluftsrådet Vest	Stord	Ådlandsvatnet	100 000
29	Friluftsrådet Vest	Etne	Peparen	100 000
30	Friluftsrådet Vest	Fitjar	Langøya	0
31	Friluftsrådet Vest	Sveio	Selsåsvika	0
	Totalt			5 400 000

Viser til vedlegg med oversyn over søknadane med fylkesrådmannens grunngjøving til kvar søknad.

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
kst. fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd  
fylkesdirektør kultur og idrett

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

